

MOTTATT

12 MAI 2014

P 14 008

TJL

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no [mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no]

Sendt: 12. mai 2014 09:34

Til: Post Opus Bergen

Emne: Til uttale - Oppstart - Radøy - Gnr 28 Bnr 63 90 og 95 - Kvalheimsneset - Reguleringsplan / reguleringsendring

**Uttale til oppstart av reguleringsplan – Radøy - Gnr 28 Bnr 63 90 og 95 -
Kvalheimsneset - Reguleringsplan / reguleringsendring**

Viser til dykker brev av 06.05.2014 med melding om oppstart av planarbeid for Gnr 28 Bnr 63, 90, 95.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringer for arealpolitikken.

Fylkesmannen poengterer at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3.1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025. Alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrd og teke omsyn til i planprosessen.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggteknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

mvh

Jan Vidar Voster

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordland